

## **Resultat frå kartlegginga i Gol kommune**

I alt 22 ulike naturtypar ble kartfestet i Hallingdal. I Gol kommune ble det totalt registrert 65 lokalitetar fordelt på 12 naturtypar i ferskvatn/våtmark, fjell, kulturlandskap, myr, rasmark og skog. Under arbeidet ble det prioritert ein kartlegging av kulturlandskapet, mens kartlegging av produktiv skog ble nedprioritert fordi Prevista skulle gjennomføre MIS-kartlegging. I Gol ble 70-85 % av tida i felt brukt til kartlegging av kulturlandskap. Den resterande tida ble brukt til kartlegging i verneskog, skog og kratt lang Hallingdalselva, våtmark, kalkrike områder i fjellet og til registrering av hekkeplassar for sårbare fuglearter. Av dei registrerte lokalitetane er 6 områder klassifisert som svært viktige, dvs. viktige på nasjonalt nivå. Rustejuvet, bygdetunet på Skaga, og Kastet er eksemplar på slike områder. 33 lokalitetar er klassifisert som viktige områder, dvs viktige på regionalt nivå. Eksemplar på slike lokalitetar er Dugurdsnatten og Vikostølen. Den tredje gruppa er lokalitetar som er viktig for Hallingdal. I denne gruppa finst ein registrering ved Nestedokk. I tillegg til disse registreringane er Metubba og Lyseren naturreservat tatt med.

## **Praktisk bruk av kartlegginga**

Nedbygging og bruksendring av areal antas å være den største trusselen mot bevaring av biologisk mangfald i Noreg. Ein kvar endring i arealbruk påverkar det biologiske mangfaldet. Graden av inngrep kan være frå små påverkingar med avgrensa effekt til store arealbeslag som tar areal helt ut av biologisk produksjon. Enkeltinngrepa er ofte små og kan bli sett på som ubetydelige, men summen av desse kan få negative konsekvensar for det biologiske mangfaldet. Eit godt eksempel her er hyttebygging. Driftsformendingar i for eksempel landbruket, som bryter kontinuiteten kan også være negativt for det biologiske mangfaldet. Eksemplar her er gjødsling av gamle naturenger og opphør av utmarksbeiter. Kartlegginga av naturtypar vil være et viktig faglig grunnlag for kommunens planlegging og daglige verksemd. Kartleggingsresultata vil særlig kunne brukast som underlag for planlegging og forvaltning av areal og naturbaserte ressursar og bidra til større forutsigbarhet for næringsliv, utbyggingsinteresser og innbyggjarar. I tillegg til kartleggingas viktighet med tanke på planlegging og arealforvaltning vil også kartleggingsmateriale ha stor interesse med omsyn til bruk i skoleverket, marknadsføring for reiseliv og for grunneigarar ved utarbeiding av driftsplanar eller søking og tildeling av SMIL midlar. Kartlegginga av biologisk mangfald vil være ein kontinuerlig prosess blant anna fordi nye arter blir sjeldne og nye områder blir oppdaga. Dersom du veit om lokalitetar som ikkje er med i kartlegginga eller har spørsmål til kartlegginga, ta kontakt med kommunen.